

Foreldreråd og Samarbeidsutvalg
Barnebo barnehage
Aukra kommune

Aukra 14.01.2014

Kunnskapsdepartementet
postmottak@kd.dep.no

Svar på høyring, forslag til endringar i barnehageloven – Utviding av retten til barnehageplass og innføring av minimum to årlege barnehageopptak.

Vi støttar forslaget om å utvide retten til barnehageplass. Det er uheldig at ein avgrensa rett til barnehageplass, slik loven er nå, skal vere med å styre familieplanleggingen. I tillegg syns vi at barna født i november og desember også må få rett til plass innan rimelig tid. Vi kan forstå at det må vere ei opptrapping på dette, men målet i framtida må vere at alle som ønskjer det har tilgang på barnehageplass når barnet fyller 1 år og permisjonstida er over. Barnehageplass er eit sosialt gode som alle bør ha rett på, til barnets beste, og for at foreldre skal få byrje på jobb igjen.

For å gjennomføre lovendringen må det komme øremerka midlar til kommunane, og bevillinga må vere stor nok. Når retten til barnehageplass vert utvida, fører det til at vi må auke kapasiteten når det gjeld personale og areal. Særleg viktig vert det å ha nok barnehagelærarar. Begge alternativa gjer slik at vi må drive med overkapasitet i perioder. Verken lovverk eller fagleg integritet støttar at vi kan bemanne opp og ned gjennom året, alt etter kor mange barn vi har inne til eikvar tid.

Vår kommune er i vekst, og vi har stadig tilflytting gjennom året. Vi ønskjer å ha god tilgang på barnehageplassar også utanom hovedopptaket, og ser at eit løpande opptak er bra for familiane. Utfordringa her er at det går utover stabiliteten i barnegruppene og kan vere utfordrande å planlegge med omsyn til økonomi og personalressursar.

I valget mellom dei to alternativa ønskjer vi å støtte nr.2, der barna får rett til plass innan utgangen av oktober same år. Då kjem barna tidlegare inn i dei allereie etablerte barnegruppene, det er lettare å planlegge personalressurs då ein kanskje kan starte opp i august med same bemanning og foreldra slepp å vente 3 månader på barnehageplass.

For Foreldreråd og Samarbeidsutvalg ved Barnebo barnehage

Hanne M.S.Skarshaug
Assisterande styrar og referent.